

## Ein laks til på over fem kilo

26.08.2007



Ivar Kåre Døssland har slutta seg til årets klubb av lukkelege laksefiskarar i Uskedalselva.

**Fiskesesongen i Uskedalselva går mot slutten, men framleis er det ikkje langt mellom dei gode fangstmeldingane. Den siste er at Ivar Kåre Døssland har teke ein laks på 5,9 kilo og med den plasserer han seg på tredje plassen så langt.**

Først ligg framleis bergensaren Leif Magne Jordal med laksen på 10,22 kilo og så kjem veteranen Arne Terje Haugland med fisken på 6,2 kilo. På fjerde plassen etter Døssland finn vi så Tore Mackay frå Uskedalen/Bergen som noterte seg for ein fangst på 5,5 kilo.